

## **VEDTAK NR 105/16 I TVISTELØYSINGSNEMNDA**

### **Twisteløysingsnemnda heldt møte onsdag 25. august 2016**

Ved behandlinga av saka var tvisteløysingsnemnda satt saman slik:

#### **Faste medlemmer**

Anne Marie Due (vara for Henning Harborg), leder  
Silje Hassellund Solberg, LO  
Elisabeth Lea Strøm, NHO

#### **Særskild oppnemnde medlemmar**

Truls Finne Gamnes, Oslo Universitetssykehus HF  
Ingrid Tordis Enoksen, Norges Sykepleierforbund

#### **Saka gjeld**

Twist om førerrett for deltidstilsette etter arbeidsmiljølova § 14-3

#### **Arbeidstakar**

A

#### **Arbeidsgivar**

B

## **Det vart treffe slikt vedtak:**

### **Saksframstilling**

A er fast tilsett som sjukepleier i 80 prosent stilling i B, med arbeidssted X sjukehus.

Ho har tidlegare søkt på fleire vikariat, og skreiv då i søknadane at ho ønska seg heiltidsstilling.

Den 12. november 2015 utlyste B ei 100 prosent stilling som sjukepleiar, med søknadsfrist 26. november 2015. Stillinga blei utlyst i arbeidsgivars nettbaserte rekrutteringsverktøy og internt på sjukehusets intranett. A hadde på denne tida fødselspermisjon, og fekk ikkje med seg at stillinga var utlyst. Ho søkte difor ikkje på stillinga, og stillinga gjekk til ein av dei andre søkjarane.

Saka vart brakt inn for tvisteløysingsnemnda ved brev av 4. januar 2016. Overfor nemnda har begge partane fått kome med ytterlegare opplysingar og grunngjevingar i saka.

Det ligg føre følgjande dokument frå arbeidstakar:

- brev datert 4. januar 2016
- e-post av 3. mars 2016
- e-post av 4. mars 2016
- e-post av 19. mai 2016

Det ligg føre følgjande dokument frå arbeidsgivar:

- e-post av 26. januar 2016
- e-post av 4. april 2016
- e-post av 5. mai 2016

### **Utsegn frå arbeidstakar**

A gjer gjeldande at ho hadde førerrett til heiltidsstillinga.

### **Utsegn frå arbeidsgivar**

B gjer gjeldande at arbeidstakar ikkje gjorde førerretten gjeldande då stillinga blei lyst ut, og at ho difor ikkje hadde førerrett til stillinga.

### **Tvisteløysingsnemnda sine merknader**

Arbeidsmiljølova § 14-3 første ledd fastset at ”deltidsansatte har fortrinnsrett til utvidet stilling fremfor at arbeidsgiver foretar ny ansettelse i virksomheten”. Det er eit vilkår at arbeidstakar er kvalifisert for stillinga og at utøving av retten ikkje fører til vesentlege ulemper for verksemda, jf. § 14-3 andre ledd.

Arbeidsgivar har opplyst at det ikkje er skilnad i arbeidsoppgåvene eller krava til kvalifikasjonar knyta til arbeidstakars noverande stilling og den omtvista stillinga. Nemnda legg til grunn at arbeidstakar har fremma krav om heile den utlyste stillinga på 100 prosent, og at ho i tilfelle ville si opp si stilling på 80 prosent. Nemnda meiner at det i eit slikt høve – i utgangspunktet – vil vere grunnlag for å utøve førerrett.

Det er opplyst at den som vart tilsett, arbeida i stilling på 50 prosent ved same sengepost som den omtvista stillinga var knytt til. Nemnda finner det derfor sannsynleggjort at den andre søkjaren hadde førerett til stillinga etter arbeidsmiljølova § 14-3.

Etter dette er det ikkje nødvendig for nemnda å ta stilling til om også A hadde førerett til stillinga etter arbeidsmiljølova § 14-3. Arbeidsmiljølova gir ingen rettleiing om korleis ein skal prioritere mellom fleire med førerett til stilling. Det må i utgangspunktet tillegga arbeidsgivar å foreta denne prioriteringa. Slik saka er opplyst føreligg det etter nemndas syn ikkje grunnlag for å overprøve arbeidsgivars vurderingar i valet mellom dei med førerett.

### **Konklusjon**

Arbeidstakar gis ikkje medhald.

Tvisteløysingsnemnda

Anne Marie Due  
leiar

Oslo, 06.09.2016

### **Til orientering:**

Tvister som nevnt i §§ 10-13, 12-14, 14-3 og 14-4a kan bringes inn for domstolene etter at tvisteløsningsnemndas avgjørelse foreligger, jf. arbeidsmiljøloven § 17-2 (2). Nemndas konklusjon står ved lag mens saken er til behandling ved domstolene. Dersom dette vil virke urimelig, kan retten etter krav fra en av partene fastsette en annen midlertidig ordning.

Fristen for å bringe tvisten inn for domstolene er åtte uker regnet fra det tidspunkt tvisteløsningsnemndas avgjørelse foreligger, jf. arbeidsmiljøloven § 17-2 (3).